



Fredrik Jordal
Juviknipa 46
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3938 - 14/18258

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
24.11.2014

Mangel- Søknad om løyve til tiltak - bruksendring, kjellarleilighet

FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM BRUKSENDRING AV KJELLAR TIL
KJELLARLEILIGHET/NY BRUKSEINING PÅ GBNR 23/301 I FREKHAUGMARKA OG
TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om bruksendring frå kjellar i eksisterande bustad, til ny buening 06.10.2014. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedommen er i reguleringsplanen for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka regulert for einbustad. Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen. Søkjar må sende inn dispensasjonssøknad frå reguleringsplanen for bruksendring frå kjellar til leilighet/ buening nr. 2 på eigedommen. Ein dispensasjon skal nabovarslast særskildt. Administrasjonen har ikkje tatt stilling til ein eventuell dispensasjon i saka, men ligg til at det generelt skal vera klare fordelar enn ulemper for å få innvilga ein dispensasjon.
- Det må sendast inn planteikning for eksisterande bruk av kjellar.
- Det blir vist til reguleringsplanen: «*For kvar buening skal det vera minst 1,5 oppstillingsplassar for bil på eigen grunn eller i fellesanlegg.*» Det må gå fram av søknaden at parkeringsdekning er ivaretatt i samsvar med krav satt i reguleringsplanen.

Eigar av eigedommen har søkt om sjølvbyggjar for tiltaket. Slike søknader blir vurdert særskilt i kvar enkelt sak. I ein søknad om sjølvbyggjar må det sannsynleggjere at arbeidet godkjenningen gjelder vil bli utført i samsvar med bestemmelsene gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven. Det må leggjast fram dokumentasjon, som viser at De som sjølvbyggjar, har kompetanse for tiltaket, (eller har bistand frå andre som har kompetanse for denne typen tiltak) samt dokumentasjon som syner at tiltaket blir utført i samsvar med gjeldande regelverk med forskrifter. Jmf. Pbl § 20-1 og SAK10 § 6-8.

- Søknad om ny bueining på eksisterande bustad kjem inn under regelverket i Plan- og bygningslova, teknisk forskrift (TEK10) og byggesaksforskrift (SAK10). Kommunen ber om at det blir sendt inn dokumentasjon som viser at tiltaket blir utført i samsvar med gjeldande lovverk. Administrasjonen viser særskildt til teknisk forskrift når det gjeld: brannteknisk sikring/eigen branncelle, parkeringsdekning, lys/luftforhold og krav til bod for leilighet/bueining, dokumentasjon for at dette er oppfylt skal sendast kommunen.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova er gjeve. Dykkar søknad vert lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fredrik Jordal

Juviknipa 46

5918

FREKHAUG